

Frå: Jo-Harald Færø <johf_2@hotmail.com>
Send: onsdag 9. august 2023 16:19
Til: Per Sveinar Morsund; Siril Therese Sylta
Emne: Sak 23/1515 - støy- og støvplager frå næringsområdet på Eidsnes

Vi har, saman med fleire andre busett på Eknes, Hosanger og andre bygder i Osterfjorden, klaga på støy og støv frå næringsområdet på Eidsnes. I klagane har vi mellom anna bede kommunen greie ut om korleis kommunen vurderer at verksemda som er etablert på staden (langvarig kommersiell pukkverksdrift) harmonerer med dei arealføremåla som er sett i kommunale planar.

Kommunen har gitt eit førebels svar til oss i brev av 7. juli 2023, der det mellom anna står skrive følgjande:

"Når det gjeld vurdering av verksemda på staden i forhold til gjeldande reguleringsplan, støyande/støvande verksemd m.m. så har Alver kommune er aktiv tilsynssak som er under handsaming. Vi kan på noverande tidspunkt ikkje svare ut dei øvrige spørsmåla du har før saka er ferdig handsama."

Dette tolka vi som at kommunen ville gjere ei grundig realitetsprøving av tilhøva på staden i lys av arealføremåla i dei gjeldande kommunale planane.

Vi registrerer imidlertid no at kommunen i svar til andre klagarar, kort og godt informerer om at området der arbeidet går føre seg ligg innanfor reguleringsplanen for Eidsnes næringsområde. I rapport etter synfaring (datert 31. juli 2023) heiter det tilsvarande at området er regulert og ligg innanfor Eidsnes næringsområde.

Det er sjølvsagt korrekt at den aktuelle ureinande verksemda, ligg innanfor det **geografiske området** til næringsområdet på Eidsnes. Men spørsmålet i saka er jo eit heilt anna, nemleg om verksemda som er etablert der er **i samsvar med arealføremålet i reguleringsplanen**. Vidare om området er forsvarleg regulert for slik verksemd. Dette ligg innanfor kommunen sitt mandat å ta stilling til.

Dersom det føreligg brot på forureiningslova (med forskrifter), vil miljøavdelinga i Statsforvaltaren vere tilsynsmyndigheit. Men Statsforvaltaren vil ikkje utan vidare ta stilling til innhaldet i gjeldande kommunalt planverk. Dette er det kommunen sitt ansvar å vurdere i første instans, noko Statsforvaltaren sjølv slår fast i brev til ein av dei andre klagarane i saka:

"Dersom du har spørsmål om tolkinga av reguleringsplanen for næringsområdet, eller den vidare oppfølginga av denne, lyt slike spørsmål stilast til Alver kommune som lokal plan- og bygningsstyresmakt."

Vi ber om at kommunen kjem til kjernen av saka, og vurderer om pågåande verksemd er i samsvar med arealføremåla i reguleringsplanen, samt om området er forvarleg regulert for slik verksemd.

Etter vårt syn er det nokså opplagt at langvarig kommersiell pukkverksdrift ikkje er i samsvar med reguleringsplanen og/eller overordna kommunalt planverk. Konsekvensen er at folk som bur i området ikkje er forsvarleg verna mot støy- og støvplager i form av driftstider og andre krav.

Vi ser fram til å motta kommunen si vurdering.

Venleg helsing,
Jo-Harald Færø
mob.: +47 91750230